

M/F Folgefonn I

Rapport etter arbeid 2014

Geir Madsen



Hardanger Fartøyvernsenter

Innleiing:

Aktiviteten i år har i all hovudsak dreidd seg om å følgje opp opplaget av ferja, flytte motor til Bømlø, få i gang restaureringsarbeidet på motoren og planlegge restaureringa av ferja. Det er hyggeleg å melde at me fortsett held ferja open for publikum og at dette vekker god minner hjå folk som har opplevd ferja i drift.

Opplag og vernebygg

Vernebygget fungerer svært godt og står seg fint i snø og vind. Når det bles godt driv det litt vatn inn på dekk som går ned i fartøyet, men vatnet blir stort sett tørka ut av avfuktarane som held tørt og godt klima under dekk.



Til no har ferja vore flytta frå flytekaien til landfast kai kvar haust. Dette p.g.a. at flytekaia ikkje er dimensjonert for den store ferja ved kraftig vind. Sidan me ikkje har lettboat med kraftig motor har flyttinga medført ein del arbeid og risiko. Denne hausten blei det klart at den faste kaien ikkje ville bli stilt til rådvelde for ferja. I samråd med Riksantikvaren la me ut seks store betonglodd (á 2,4 tonn, ca halvparten av vekta neddykka) som anker og fendra ekstra slik at ferja kan ligge ved flytekaien heile året. Pr no manglar berre «daudmenn» for å ta opp slakk i trossene som går ned til lodda.

Avfuktarar og vannstandsalarm

Dei tre avfuktarane har god effekt og i kombinasjon med taket gir dette eit godt innklima. Vatnet som stod i botn er no tørka ut. I maksirommet og innreiinga akter er det berre fuktige rustkaker att i botn.

Vannstandsalarmene fungerer svært godt og sender oss SMS-melding via ein vaktentral ved høg vasstand eller straumbrot. Det er ingen ting som tyder på at ferja er lekk i botn.



Bunnstokkar og aksling under dørken i mannskapsinnreiinga 15.12.2014. Bunnvatn er tørka ut ved hjelp av avfuktarar.

Dokumentasjon

I 2014 er det jobba lite med historisk dokumentasjon på Folgefonn ut over samtalar med personar som vitjar ferja som er open for publikum.

Tilfang av deler

Gjennom Tor J. Bjørgås blei me sett i kontakt med Margaret Iversen (Os i Hordaland) som ynskte å gi ein livbåt til ferja. Ho hadde arva båten av far sin og lagra den i familien sit naust ved Stamnes (Vaksdal kommune). Den tverrhekka livbåten på ca 16 fot har ikkje stått på Folgefonn men er av liknande type. Livbåten er no lagra på fartøyvernseieret.

Det er også skaffa til veie to gamle redningsflåtar, ein med treramme mellom to pontongar og ein i rein glassfiber.


Motor

Motoren har vore lagra i ein garasje Norheimsund sidan den blei kjøpt i 2011. Nokre maskinkyndige frivillige var med i byrjinga for å sikre den under lagring. Det har ikkje vore råd å starte med overhaling p.g.a. manglande kompetanse, plass og kapasitet i nærområdet. Det er såleis gledeleg for oss å samarbeide med representantar for Seniorklubben WNO som ynskjer å bygge opp eit kompetansesenter rundt Wichmann motorane gjennom deira firma Norsk veteranmotor AS. 2. juni blei den 16 tonn tunge maskina lasta og køyrt til Rubbestadneset på Bømlo. Der blei maskina elegant, men med små marginar, heist inn i lokala til Veteranmotor AS.



Maskin og diverse deler utanfor lokala til Veteranmotor AS på Rubbestadneset.

Veteranmotor har starta arbeidet som planlagt og opna maskina for tilkomst og kontroll. Det er positivt at dei samarbeidar med vidaregåande skule og gir opplæring til elevar der.



To representantar for Veteranmotor as som sit på mykje kompetanse.



Motor og deler til maskin vel i hus på Rubbestadneset



Elevar frå vidaregåande skule får instruksjon av erfaren pensjon

Eigen rapport frå veteranmotor AS er vedlagt

Prosjektering

Det er mange fag som må involverast i prosjektet. Når det gjeld elektro har me innleia samarbeid med LOS-elektro som har gjort ei vurdering av el-anlegget

Planar for restaurering

I møte med Riksantikvaren 12. november 2014 var det semje om ei målsetting om å ha Folgefonn ferdig restaurert i «kjørbar» stand i 2020. For å nå dette målet er det naudsynt å endre planane for restaureringa slik at stålarbeidet kan bli gjort i ei samanhengande økt på Bredalsholmen (føreset slepeløyve) etter at treverk og innreiing er dokumentert, demontert og lagra på HFS. Når stålarbeidet er ferdig blir ferja slept tilbake til Norheimsund der trearbeid og utrustning blir gjort.

Økonomi

For 2014 er det til saman løyvd kr 420 020,-. (Riksantikvaren kr 360 020,- og Hordaland Fylkeskommune kr 60 000,-).

De er bokført påløpte kostnader pr 31.12.2014 på kr 348 062,-

Vår samla prosjektrekneskap syner at Kr 795 336,- kan overført til 2014 for å finansiere vidare arbeid.

Norheimsund 22. januar 2015

Geir Madsen
prosjektleder